



(Lauduskar. No. 2.)



Unge Raamund.

1. Her bur ein Bonde inkje langt herifraa,
og den som heiter no Stein,
han heve seg dei Sonerne tolv,
men ingen er slike som ein.

„Aa, det var no fulla eg,” sa' han unge Raamund.

2. Dei tena seg uti Konungs Gard,
han Homlung og so han Kaare;
men ingen er slik som han unge Raamu
for han ber Hjartat av Staale.

"Aa, det er no infje av Staal," sa' han unge Raamund.

3. Dei ganga seg ut paa Leikarvollom,
der Hovmennar leika til Hove,
og daa var han Raamund paa Knokom¹⁾ berr,
dei Hovmennar at honom logo.

"Aa, de tarv no infje lægja," sa' han unge Raamund.

4. Han gjenger seg til si Fostermor inn
og bad hena stjera seg Klæde;

„Kongen vil meg i Tenesta hava
hans Hovmenn' meg spotta og høeda.“

„Åa, det var nu intje hæda,” ja’ han unge Raamund.

1) Olbogom.

V box 28;818

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20 30 40 50 60 70 80 90 200 10 20 30

0 mm

5. Og Barpet det var utav Nettle-Ris
og Beften av Bideren smaa.
„Aa hoyre du Raamund Bondens Son,
no skal du deg Klæde faa.“
„Eg før vel endaa Klæde,“ sa' han unge Raamund.

6. Og Barpet det var utav Nettle-Ris
og Beften av Bideren harde:
det var no inkje av Silkeduk,
det Raamund fluttet av Garde.
„Nei det var inkje Silke,“ sa' han unge Raamund.

7. Han gjenger seg til Kongsdotteri inn
og bad hena sjæra seg Klæde:
„Fader din vil meg i Tenesta hava,
hans Hovmenn' meg spotta og hæda.“
„Aa, dei tarv meg inkje hæda,“ sa' han unge Raamund.

8. So rekte ho upp den Silkeduk
og sør honom Raamund Klæde,
Kongen og Drotningi undradst paa,
kvi Raamund skulde faa slike Klæde.
„Aa, de tarv no inkje undrast,“ sa' han unge Raamund.

9. Der budde eit Troll uti Bergjom nord,
som vilde Kongsdotteri herja,
og Kongen han visste seg ingi Raad,
korso han skulde Dotter si berga.
„Eg skal hena fulla verja,“ sa' han unge Raamund.

10. Inn so kom han Hølge Kvass,
det tyktest bresta under Tilja:
„Konge du skal meg di Dotter giva
alt med godan Vilje!“
„Du skal hena inkje faa,“ sa' han unge Raamund.

11. Og det var no han Hølge Kvass,
han glutte seg bak hver Herd:
„Kvat er det fyr ein liten Svein,
som seg mun tru so vœl?“
„Aa, det er no fulla eg,“ sa' han unge Raamund.

12. Og sinnad so vartt han Hølge Kvass,
han stukad i alle Mollom:
„Du Raamund, du skal meg møta idag,
alt ut-aa Leikarvollom!“
„Eg skal deg fulla møta,“ sa' han unge Raamund.

13. Og syre gjekk alle Konungs Hovmenn'
og alle i Brynjurna side,
men etter gjekk Raamund Bondens Son,
han sørste paa Klubba den fride.
„No er mi Klubba sørst,“ sa' han unge Raamund.

14. Det var no han Hølge Kvass,
han sneidde etter Konungs Merke,
Kongen og Hovmennenn' saag derpaa,
dei skolvo som Ringen i Serki.
„Aa, de tarv no inkje sjelva,“ sa' han unge Raamund.

10 20 30 40 50 60 70 80 90 100 10 20

0 mm

100 90 80 70 60 50 40 30 20 10 0
mm

15. Og det var Raamund Bondeson,
han sneidde med Klubba den fride,
so slog han til honom Hølge Kvass,
at hans Hovud i sjau Luter driver.
"No sleg eg høste hardt," sa' han unge Raamund.

16. Og det var Raamund Bondeson,
han ser seg ut over Fjord;
der ser han Trugen Ublid Svein,
i sterke Jarnebaaten han ror.
"Aa, ro no heran hit!" sa' han unge Raamund.

17. Og der sat alle dei Smaatrolli,
det glodde av deira Tenner:
"Men korsø tri offar gode Sverd
er komet i Raamunds Hender?"
"Eg munde det vøl faa," sa' han unge Raamund.

18. Fyrst hogde han Trugen Ublid Svein
sine aatta Hender ifraa,
sidaan trugad han honom til Skortom fram,
der som det Gulset laag.
"Her finn eg Gulset rautt," sa' han unge Raamund.

19. So hogde han Trugen Ublid Svein,
so han datt ned til Jord,
og sidaan alle dei Smaatrolli,
so stuwad han Baaten paa Fjord.
"No heb' eg voret der," sa' han unge Raamund.